



KOPI

Helland Eiendom & Invest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1848 - 18/10944

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
13.07.2018

Byggesak Gbnr 77/79 Solheim vestre - etablering av nytt veg- og VA-anlegg - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 03.07.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Reguleringsplan for Austmarka – Hylla sine føresegn § 1.2.1 stiller krav til utarbeiding av plan for handsaming av massar i planområdet. Denne skal liggja føre ved søknad om løyve til tiltak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS Idrettsvegen 3 5936 MANGER

Mottakarar:

Arkoconsult AS Postboks 103 5291 VALESTRANDSFOSEN